

[HÅ KOMMUNE](#) [SOMMAR](#) [FERIE](#) [UNGDOM](#) [HÅ](#)

## Gratis sommartilbod for ungdom i Hå



Ragnvald Wernøe, rektor i Hå kulturskule og aktivitetsleiar for ungdom Monica Cecilie Herredsvela gler seg til å opna førene for ungdom i juli. Foto: Jorunn Erga Steinsland

Av [Jorunn Erga Steinsland](#)

27. mai 2019, kl. 05:00 [v](#)

Kulturskulen og ungdomsklubben håpar å trekkja mange ungdommar til Nærbø i juli.

DEL

f

...

Kvar vekedag i heile juli kan ungdom frå 13 til 18 år koma til Loen ungdomsklubb. Tilbodet skal vera gratis. Bak det ferske sommartilbodet står rektor Ragnar Wernøe i Hå kulturskule og aktivitetsleiar

for ungdom Monica Herredsvela.

## For heile kommunen

Sommartilbodet skal vera for ungdom frå heile Hå kommune og blir fast på Nærbø i lokala til Loen ungdomsklubb.

Tilbodet har fått namnet "Ung i juli i Hå kommune" og inspirasjonen er henta frå Sverige.

– Dette er noko eg har tenkt på i fleire år. Konseptet kulturskule er ofte veldig tradisjonelt og veldig "skulsk", seier Wernøe.

Han ønskjer å utvida kulturskule-tilbodet til også å innehalda meir uorganiserte aktivitetar som fenger fleire enn dei som kvar veke går på eit fast tilbod.

– Dei som gjerne treng eit tilbod der dei får utfolda seg kreativt, når me ikkje i dag, seier han.

I tillegg trur dei to at sommarferien kan vera veldig lang for mange ungdommar.

– Me veit at mange er einsame, og særleg i sommarferien er det nok mange ungdommar som sit heime, seier Herredsvela.

## Ulike aktivitetar

Dei to er opptekne av at sommartilbodet skal ha så låg terskel som går an. Tilboda vil variera, men her kan dei som ønskjer blant anna få prøva seg på bandinstrument, teatersport, dans, vinyltrykk, teikning, spela eit brettspel eller bare drøsa med andre ungdommar eller vaksne.

Dei fleste som skal styra tilbodet er unge vaksne frå 18 til 25 år, som tidlegare har vore elevar i kulturskulen. I tillegg vil både Herredsvela og Wernøe vera innom.

Dei yngste som kan bruka tilbodet er dei som skal begynna i åttande klasse til hausten.

### Lik Jærbladet på Facebook

Lik dette


Du og 15k andre likar dette.



Les meir om: [Hå kommune](#) [Sommar](#) [Ferie](#) [Ungdom](#) [Hå](#)

Sjå kommentarar

## Fleire saker





**Her går speidarane ned kyrkjetårnet**


ANNONSE



**I kø for å sikra seg klem av heile landets "Helsesista"**



## Helsesista kjem til Bryne og Storstova



**Denne sparkesykkelen er ulovleg. Nå varslar politiet aksjonar**



**Er du klar for litt sommarvarme?**

## Kommentarer til denne saken

Eldste   Nyeste   Populære

[Debattregler](#)

Du skriver som: [Tove Obrestad Wøien](#) ▾

Kommenter

[Til toppen](#)

Besøksadresse: Meierigata 22, 4340 Bryne • Postadresse: Postboks 23, 4349 Bryne • Sentralbord: 51 77 99 00  
• Tips: 400 07 900 • Ansvarleg redaktør: Kirsten Marie Myklebust • Personvernpolicy / Informasjonskapsler  
• Redaktørplakaten • PFU

© 2019